



Både unge og eldre uskedelingar er flinke trimmarar. Her er Thordis Myklebust og Ingebjørg Haugland. Thordis vart nummer to i klassa for dei over 12 medan Ingebjørg vann klassa for dei under 12. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Som for 2005 fekk Arne Hauge (klassa over 12 år) og Ingebjørg Haugland (klassa under 12 år) flest turpoeng for 2006. Hauge nådde i fjor opp i 3.015, medan han i 2005 sette rekord med 3.314 poeng. Men Thordis Myklebust tok sterkt innpå i fjor og kom opp i 2.850 poeng. Ingebjørg fekk 345 poeng.

For å få eit begrep om kva for ein prestasjon det ligg bak fjellturane til dei ivrigaste, kan ein tenkja på at 3.015 poeng utgjer det same som 63 turar til Mannsvatnet!

Vinnarane vart premierte og hylla under den årlege turkvelden som Uskedalen Turlag hadde i Helgheimkjellaren torsdag. Det var eit arrangement med stor spennvidd, for før spenninga vart utløyst heldt Harald Håland frå Sunde kåseri med lysbilete frå ein fascinerande men samstundes tøff tur han gjorde for 13 år sidan. Han var då til topps på den høgaste toppen i verda utanom Himalaya – Aconcagua i Andesfjella i Sør-Amerika. Den ragar 6.962 meter over havet.

Det var i fjor 110 deltakarar i fjelltrimmen, mot 117 året før. Sjølv om dette er positive tal, er det ein nedgang fordi ein for få år sidan var ein oppe i 130-140. Leiinga i turlaget trur nedgangen har samanheng med at skulen ikkje er ein så aktiv pådrivar som tidlegare. Det håpar laget at skuleleiinga no vil gjera noko med.

Tidlegare var fjelltrimmen mest konsentrert om toppane, men i dei seinare åra har dei også plukka inn lettare turmål, til dømes Eikedalen og Børsdalen, for å frista fleire. Eit ikkje altfor krevjande mål er Storhaug og der var det 2.552 besøkjande i fjor. Det er eit svært imponerende tal.

Av Ola Matti Mathisen



Harald Håland på toppen av Aconcagua for 13 år sidan. Han heldt eit spanande kåseri om den turen i Helgheim torsdag.